



DET KONGELEGE DIGITALISERINGS-
OG FORVALTNINGSDEPARTEMENT

Prop. 21 S

(2024–2025)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2024 under Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet

*Tilråding frå Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet 22. november 2024,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Innleiing

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet legg med dette fram forslag til endringar i statsbudsjettet for 2024 i samsvar med punkt 2 nedanfor.

Programkategori 01.10 Fellestenester for departementa og Statsministerens kontor

Kap. 1510 Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekker utgifter til løn og andre driftsutgifter for Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa. I tillegg dekker løyvinga utgifter til fellestenester for departementsfellesskapet og Statsministerens kontor.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 18,2 mill. kroner, mot ein tilsvarande reduksjon av løyvinga på post 22, jf. omtale under post 22. Forslaget omhandlar å flytte husleigemidlar til fellesareal til posten der husleigemidlar til interne areal som blir disponerte av Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa ligg, slik at fordelinga blir rett.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 80 mill. kroner, mot ein auke av inntektskravet på kap. 4510, post 02 med 35 mill. kroner og post 03 med 45 mill. kroner, jf. omtale under kap. 4510, postane 02 og 03. Årsaka er høg etterspørsel frå departementa etter brukarbetalte tilleggstenester, i tillegg til høg aktivitet i prosjektet nytt regjeringskvartal, mellom anna auke i talet på bestillingar av vakt-

2 Forslag til endringar

Programkategori 01.00 Administrasjon

Kap. 1500 Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekker i hovudsak løn, husleige og andre faste driftsutgifter i Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet.

Løyvinga blir foreslått auka med 5 mill. kroner som følgje av eit anslag på verknaden av lønnsoppgjerset for 2024. Sjå nærmare omtale i nysaderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

hald til byggeplass og auka grad av prosjektbistand frå Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa på området teknisk sikring.

Løyvinga blir foreslått auka med 13,8 mill. kroner som følgje av eit anslag på verknaden av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærmare omtale i nysalde ringsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Samla blir det foreslått å auke løyvinga med 112 mill. kroner.

Post 22 Fellesutgifter

Løyvinga dekker husleige for fellesareal for departementa, avtala til statsforvaltninga med Kopinor (ikkje forsvarssektoren) og drifts- og vedlikehaldsavtalar og utviklingskostnadene for nettstaden regjeringa.no.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 18,2 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke av løyvinga på post 01, jf. omtale under post 01.

Kap. 4510 Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa

Post 02 Diverse inntekter

På posten blir det ført betaling for standard- og tilleggstenester til Høgsterett, Statsbygg og driftsinntekter for Statens servicesenter i Engerdal. Inntekter frå Statsbygg er i hovudsak betaling for bidrag inn i prosjekt nytt regjeringskvartal. Størleiken på beløpet varierer med arbeidet i prosjekta.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 35 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke av løyvinga på kap. 1510, post 01, jf. omtale under kap. 1510, post 01.

Post 03 Brukarbetaling

På posten blir det ført brukarbetaling for tilleggstjenester til departementa og Statsministerens kontor.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 45 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke av løyvinga på kap. 1510, post 01, jf. omtale under kap. 1510, post 01.

Kap. 1511 Prosjekt tilknytte nytt regjeringskvartal

Post 30 Ombygging av Ring 1, kan overførast

Løyvinga dekker kostnadene for ombygginga av Hammersborg- og Vaterlandstunnelen (Ring 1)

for å vareta nødvendig sikkerheit for nytt regjeringskvartal.

Statens vegvesen forventar meirutgifter til riving av Oslo hovudbrannstasjon på om lag 60 mill. kroner. Endringa skyldast i hovudsak at rivinga av brannstasjonen blir betalt i 2024, og ikkje som forutsett i 2025.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 60 mill. kroner.

Programkategori 01.20 Statsforvaltarane

Kap. 1520 Statsforvaltarane

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekker ordinære løns- og driftsutgifter for statsforvaltarane og Statsforvaltarenas fellesstenester. Løyvinga skal medverke til forsvarleg gjennomføring av oppgåvene frå 14 departement.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 5 mill. kroner for å dekke ekstrakostnadene knytte til barnevern og helse hos Statsforvaltaren i Vestland i samband med at Statsforvalteren var settestatsforvaltar i den såkalla Spydebergsaka.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 5,6 mill. kroner mot ein tilsvarande auke av kap. 2412 Husbanken, post 01 under Kommunal- og distriktsdepartementet, i samband med avslutting av forsøket med overføring av oppgåver frå Husbanken til Statsforvaltaren i Rogaland, Vestland og Nordland. Husbanken tok tilbake oppgåvene 1. september 2024, og midlane gjeld handtering av oppgåvene frå 1. september og ut 2024.

Løyvinga blir foreslått auka med 45,9 mill. kroner som følgje av eit anslag på verknaden av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærmare omtale i nysalde ringsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Samla blir det foreslått å auke løyvinga med 45,3 mill. kroner.

Programkategori 01.30 Statlege byggeprosjekt og eigedomsforvaltning

Kap. 1530 Byggeprosjekt utanfor husleigeordninga

Post 33 Vidareføring av byggeprosjekt, kan overførast

Løyvinga dekker midlar til vidareføring av prosjekt som Stortinget tidlegare har vedtatt å starte opp. Løyvinga skal sikre best mogleg framdrift i prosjekt under oppføring.

Norsk havteknologisenter har eit lågare likviditetsbehov enn løvd. Årsaka er endringar i framdrift og utbetalingstakt.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 110 mill. kroner.

Post 36 Kunstnarisk utsmykking, kan overførast

Posten inneholder midlar til kunstnarisk utsmykking i statlege bygg under oppføring, også for byggeprosjekt på kap. 2445 Statsbygg. Løyvinga blir disponert av Kunst i offentlege rom (KORO) som gjennomfører kunstprosjekta. Behovet i 2024 er lågare enn løyvd.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 20 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga gjeld der Statsbygg får i oppdrag å prosjektere og hjelpe til med anskaffingane av brukarutstyr til byggeprosjekta. Det inkluderer brukarutstyr til byggeprosjekt på kap. 2445 Statsbygg. Løyvinga gjeld også nødvendige sikringstiltak på Nationaltheatret for å sikre drift.

Norsk havteknologisenter har eit lågare likviditetsbehov enn løyvd. Årsaka er endringar i framdrift og utbetalingstakt.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 200 mill. kroner.

Kap. 1531 Egedomar til kongelege føremål

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekker utgifter til forvaltning, drift og vedlikehald av dei statlege kongelege egedomane, som H.M. Kongen har disposisjonsrett til. Dette skjer i nært samarbeid med Det kongelege hoffet.

Løyvinga blir foreslått auka med 270 000 kroner som følgje av eit anslag på verknaden av lønnsoppgjerset for 2024. Sjå nærmere omtale i nysalde ringsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Kap. 1533 Egedomar utanfor husleigeordninga

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekker utgifter til forvaltning, drift og vedlikehald av bygningsmassen.

Løyvinga blir foreslått auka med 91 000 kroner som følgje av eit anslag på verknaden av lønnsoppgjerset for 2024. Sjå nærmere omtale i nysalde ringsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga dekker midlar til større utstyrskjøp og vedlikehald på eigedomar utanfor husleigeordninga.

I 2020 gjekk det eit nytt ras på eigedomen Øvre Storwartz i Røros. Statsbygg skal gjennomføre det vidare rassikringsarbeidet på eigedomen, mens Klima- og miljødepartementet er oppdragsgivar. Det blir foreslått å auke løyvinga med 10,8 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon av kap. 1400 Klima- og miljødepartementet, post 21 Særskilde driftsutgifter.

Kap. 2445 Statsbygg

Post 31 Igangsetjing av ordinære byggeprosjekt, kan overførast

Løyvinga gjeld utgifter til oppstart av nye byggeprosjekt innanfor husleigeordninga.

Behovet er 40,2 mill. kroner lågare enn løyvd. Årsaka er reviderte utbetningsplanar for Bergen tinghus og hybler ved Fagskulen for brann- og redningspersonell.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 40,2 mill. kroner.

Post 34 Vidareføring av brukarfinansierte byggeprosjekt, kan overførast

Løyvinga gjeld utgifter til vidareføring av brukarfinansierte byggeprosjekt.

Behovet for midlar til brukarfinansierte byggeprosjekt er om lag 180 mill. kroner lågare enn disponibel løyving. Årsaka er at færre prosjekt blir igangsett og at framdrifta i pågåande prosjekt er lågare enn venta.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 180 mill. kroner.

Post 39 Renter på byggelån, kan overførast

Løyvinga gjeld byggelånsrenter på investeringspostane 30–34 på kap. 2445 Statsbygg.

Oslo hovudbrannstasjon var ikkje i grunnlaget for byggelånsrenter. Dette blir nå retta opp.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 38,9 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga gjeld utstyr på eigedomane Statsbygg forvaltar, inkludert utbetringar, utskiftingar og installering av tekniske anlegg. Lågare kostnadar enn venta gjer at behovet er 170 mill. kroner lågare enn loyvd.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 170 mill. kroner.

Programkategori 01.40

Forvaltningsutvikling, IT- og ekopolitikk

Kap. 1540 Digitaliseringsdirektoratet

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekker løn til tilsette, husleige og andre faste driftsutgifter.

Løyvinga blir foreslått auka med 3,8 mill. kroner som følgje av eit anslag på verknaden av lønsoppgjeren for 2024. Sjå nærmere omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Kap. 1541 IT- og ekopolitikk

Post 70 Forvaltningsutvikling, IT- og ekopolitikk, kan nyttast under post 22

Løyvinga dekker mellom anna utgifter til Noregs kontingent til Open Government Partnership (OGP) og kontingentar knytte til Noregs deltaking i Den internasjonale teleunion (ITU), Den europeiske post- og teleorganisasjon (CEPT) og Det europeiske nettverks- og informasjons-sikkerhetsbyrået (ENISA). Kontingentane for 2024 minkar i forhold til gjeldande løyving som følgje av endra valutakurs. Løyvinga blir derfor foreslått redusert med 235 000 kroner.

Kap. 1542 Internasjonalt samarbeid

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekker utgifter til løn og drift for nasjonale ekspertar til Europakommisjonen som del av deltaking i EU-programma.

Løyvinga blir foreslått auka med 90 000 kroner som følgje av eit anslag på verknaden av lønsoppgjeren for 2024. Sjå nærmere omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Post 70 Internasjonale program, kan overførast

Løyvinga gjeld EU-program som Noreg tar del i etter EØS-avtala og som er knytte til utviklinga av informasjonssamfunnet og elektronisk forvalting. Løyvinga dekker programkontingentar og andre utgifter til EU-program og etterslep frå avslutta EU-program. Åleg medlemskontingent for norsk deltaking i EU-program blir fastsett i euro av Europakommisjonen på grunnlag av forventa framdrift under det enkelte programmet. Kontingeneten blir betalt samla av Utanriksdepartementet mot seinare refusjon frå dei departementa som er ansvarlege for dei enkelte programma.

Det norske bidraget til programmet DIGITAL og etterslep etter dei avslutta programma CEF Digital og ISA² vart i Prop. 1 S (2023–2024) anslått til 476,8 mill. kroner. Basert på innbetalingskrav frå Utanriksdepartementet blir kontingeneten for desse programma om lag 444 mill. kroner i 2024. Løyvinga blir derfor foreslått redusert med 32,8 mill. kroner.

Kap. 1543 Nasjonal kommunikasjonsmyndighet

Post 01 Driftsutgifter, kan overførast

Løyvinga dekker løn til tilsette, husleige og andre faste driftsutgifter.

Løyvinga blir foreslått auka med 4,5 mill. kroner som følgje av eit anslag på verknaden av lønsoppgjeren for 2024. Sjå nærmere omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Post 70 Telesikkerheit og -beredskap, kan overførast

Formålet med løyvinga er å styrke den digitale beredskapsevna og gjere breibandnetta og mobilnetta meir robuste mot utfall på grunn av meir ekstremver og eit endra geopolitisk trusselbilete. Auka avhengigheit til ekomnett og digitale tenester på tvers av alle sektorane og for dei fleste samfunnsfunksjonar gjer det til eit viktig mål å styrke transportnetta og andre viktige punkt i infrastrukturen. Satsinga finansierer forsterka ekom i flaumutsette kommunar, tiltak for å styrke netta i sårbarer regionar og tverrsektoriell pilot for gjenopprettning av mobildekning i sårbarer regionar.

Tiltaka har sin bakgrunn i NOU 2015: 13 *Digital sårbarhet – sikkert samfunn* og rapportar frå Nasjonal kommunikasjonsmyndighet. Basert på erfaring frå ei grundig risiko- og sårbarhets-

analyse og gjennomførte tiltak i Finnmark, vart det i Meld. St. 28 (2020–2021) *Vår felles digitale grunnmur* presentert eit tiltak som innebar risiko- og sårbarheitsanalyser i minst fem nye sårbare regionar og innfasing av tiltak i desse regionane. Sjølve tiltaka består hovudsakleg av alternative føringsvegar for internetttrafikk (fiberføringsvegar) og styrking av sårbare enkelpunkt i netta.

I tråd med tiltaket frå stortingsmeldinga, er det gjennomført analyser i Troms, Nordland og Trøndelag. Det er sett i verk tiltak for 50 mill. kroner i Troms og 25 mill. kroner i Nordland. I Trøndelag har Nasjonal kommunikasjonsmyndighet kartlagt transportnetta («motorvegane» for digitale tenester) som all mobilkommunikasjon, breiband og internett i Nord-Noreg og Trøndelag er avhengige av. Analysane har avdekt alvorlege sårbarheter, og viser at det raskt må prioriterast tiltak for å redusere desse. Tiltaka for å redusere dei viktigaste og mest kritiske sårbarheitene som er avdekte i risiko- og sårbarheitsanalysen for Trøndelag, er berekna til 75 mill. kroner. Det er sett av 25 mill. kroner innanfor løyvinga i 2024, og behovet for auka løyving er dermed 50 mill. kroner.

Løyvinga blir foreslått auka med 50 mill. kroner.

Kap. 5579 Sektoravgifter under Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet

Post 70 Sektoravgifter Nasjonal kommunikasjonsmyndighet

Sektoravgiftene og gebyra skal i hovudsak dekke Nasjonal kommunikasjonsmyndighet sine utgifter som er budsjettet på kap. 1543, postane 01 og 45, og meirverdiavgift på kap. 1633, post 01.

Løyvinga blir foreslått auka med 4,5 mill. kroner som følgje av eit anslag på verknaden av lønsoppgjeret for 2024. Sjå nærmere omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Programkategori 01.50 Personvern

Kap. 1550 Datatilsynet

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekker løn til tilsette, husleige og andre faste driftsutgifter.

Løyvinga blir foreslått auka med 1,6 mill. kroner som følgje av eit anslag på verknaden av lønsoppgjeret for 2024. Sjå nærmere omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Kap. 1551 Personvernemnda

Post 01 Driftsutgifter, kan overførast

Personvernemnda er klageorgan for vedtak fatta av Datatilsynet. Løyvinga dekker i hovudsak utgifter til løn og drift av Personvernemndas sekretariat, men skal også dekke sakskostnadene i saker der parten blir tilkjent dette.

Personvernemnda oppheva 18. juni 2024 Datatilsynet sitt vedtak om å ilette Meta ei tvangsmulkt for brot på personvernforordninga, jf. personopplysningslova § 30. Personvernemnda meinte det ikkje låg føre eit rettsleg grunnlag for å ilette tvangsmulkt, som er ein særnorsk sanksjon, i saker etter personvernforordninga. Meta har sett fram krav om dekning av sakskostnadene knytt til endring av tvangsmulktvedtaket, jf. forvaltningslova § 36. I vedtak PVN2024-17 har Personvernemnda avgjort å dekke sakskostnadene med 3 823 872 kroner.

Løyvinga blir foreslått auka med 3,8 mill. kroner til dekning av sakskostnadene. Som følgje av at det er usikkert om utbetalinga finn sted i 2024, blir det foreslått å føye til stikkordet «kan overførast» på posten.

Løyvinga blir vidare foreslått auka med 56 000 kroner som følgje av eit anslag på verknaden av lønsoppgjeret for 2024. Sjå nærmere omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Samla blir løyvinga foreslått auka med 3,9 mill. kroner.

Programkategori 01.60 Statleg arbeidsgivarpolitikk

Kap. 1560 Tariffavtalte avsetningar mv.

Post 71 Opplæring og utvikling av tillitsvalde, kan overførast

Løyvinga dekker tilskot til opplæringstiltak for tillitsvalde til organisasjonane i staten innanfor mellom anna organisasjons- og tillitsvaldarbeid, miljø og vernearbeid, sjukefråvær, medråderett, personalpolitiske spørsmål, omstilling, effektivisering og samfunnsøkonomi m.m. Retningslinjer for opplærings- og utviklingstiltak er fastsett i eigen særavtale mellom staten og hovudsamanslutningane (avtale om OU-midlar).

Som følgje av tvistane i samband med hovedtariffoppgjeret 2024 mellom staten og hovudsamanslutningane kan det vere behov for å overføre midlane til neste år slik at dei kan bli utbetalt til hovudsamanslutningane i 2025. Det blir derfor

foreslått å føye til stikkordet «kan overførast» på posten, jf. forslag til romartalsvedtak IV.

Post 72 Pensjonskostnadene tenestemannsorganisasjonane

Verksemder som er medlemmar i Statens pensjonskasse skal betale ein aktuarielt berekna premie (arbeidsgivarandel), slik det blir gjort i privat sektor.

Tenestemannsorganisasjonane betaler ikkje arbeidsgivarandel for tilsette som har ulønt permisjon frå statleg verksemd for å ha verv eller vere tilsett i ein slik organisasjon. I samsvar med permisjonsavtala betaler organisasjonane berre 2 pst. medlemsinnskot.

For å synleggjere det årlege bidraget staten har til tenestemannsorganisasjonane på pensjonsområdet, blir desse premiekostnadane budsjetterte på ein eigen post i statsbudsjettet.

Statens pensjonskasse fakturerer utgiftene halvårlig og etterskuddsvis. Fakturert premie siste halvår i 2023 og første halvår i 2024, og berekna arbeidsgivaravgift, er 51,5 mill. kroner. Auken i premieprognosene skuldast hovudsakleg registrerte lønsendingar i 2024 og endringar i bestanden. Løyvinga blir foreslått auka med 7 mill. kroner.

Kap. 1565 Bustadlånsordninga i Statens pensjonskasse

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekker kostnadane til Statens pensjonskasse for å administrere bustadlånsordninga i Statens pensjonskasse, jf. post 90. Hovuddelen av kostnadane blir dekt av lånekundane gjennom betaling av ulike former for gebyr, jf. kap. 4565, post 01. Som følgje av at Statens pensjonskasse behandler og utbetalar fleire lånesøknader, og at anslaget for samla låneportefølje har auka, jf. kap. 1565 post 90 og kap. 4565, post 90, blir det foreslått å auke løyvinga med 11 mill. kroner.

Post 90 Utlån, overslagsløyving

Løyvinga dekker forventa brutto utlån til bustadlån og berekna opptente, men ikkje betalte renter på låna i Statens pensjonskasse. Anslaget for utbetalte lån i 2024 er auka med 10 100 mill. kroner. Anslaget inkluderer ca. 215 mill. kroner i berekna opptente renteinntekter ved utgangen av 2024. Erfaringar tilseier at i periodar med renteoppgang, aukar talet på lånesøknadar til Statens pensjonskasse, som følgje av at renta i Statens

pensjonskasse i ein periode då normalt vil vere gunstig samanlikna med marknaden elles. Det blir foreslått å auke løyvinga med 10 100 mill. kroner.

Kap. 4565 Bustadlånsordninga i Statens pensjonskasse

Post 01 Gebyrinntekter, lån

Posten omfattar innbetaling av gebyr frå låntakarane i bustadlånsordninga i Statens pensjonskasse i form av termingebyr, etableringsgebyr, purregebyr og liknande. Nytt anslag kjem av auka volum i bustadlånsordninga i Statens pensjonskasse, jf. kap. 1565, post 90 og kap. 4565, post 90. Det blir foreslått å auke løyvinga med 11 mill. kroner.

Post 90 Tilbakebetaling av lån

Posten omfattar forventa innbetalingar av løpende og ekstraordinære avdrag, innfriingar av bustadlån, innbetalingar på tidlegare avskrivne lån og tilbakeføring av opptente renter ved inngangen til året. Anslaget på posten er auka med 3 200 mill. kroner. Anslaget er basert på det faktiske talet på innfriingar hittil i år og forventa innfriingar resten av året. Det blir foreslått å auke løyvinga med 3 200 mill. kroner.

Kap. 5607 Renter av bustadlånsordninga i Statens pensjonskasse

Post 80 Renter

Løyvinga gjeld renteinntekter, og opptente, ikkje betalte renter knytte til bustadlånsordninga i Statens pensjonskasse. Anslaget for renteinntekter er auka med 472 mill. kroner som følgje av høgare vekst i låneporteføljen, og at normrenta er høgare enn det som vart lagt til grunn i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2024. Det blir foreslått å auke løyvinga med 472 mill. kroner.

Andre saker

Byggetrinn 2 av nytt regjeringskvartal

Forprosjektet og kvalitetssikring av byggetrinn 2 del I i nytt regjeringskvartal er omtalt i Prop. 1 S (2024–2025).

I Prop. 115 S (2021–2022) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2022* varsla regjeringa ei nedskalering av nytt regjeringskvartal. Det vart peika på at dei to planlagde byggja i byggetrinn 3, B- og E-blokka, ikkje ville bli

bygd. Regjeringa har vurdert fleire tiltak for å oppnå denne målsettinga. Eit viktig tiltak for å kunne bygge mindre, var at regjeringa i 2022 avgjorde å dimensjonere kvartalet for 4 100 tilsette (talet på tilsette i dag), mot 4 700 som kvartalet opphavleg var planlagd for. I Prop. 1 S (2023–2024) vart det varsla at regjeringa òg ville vurdere meir effektiv arealbruk for heile det nye regjeringskvartalet.

Hovudsamanslutningane har uttrykt skepsis til arealeffektivisering, og meiner mellom anna at det kan gå ut over arbeidsmiljø, trivsel, tilhøyrslle og produktivitet. Det er gjort målingar av nærvær og bruk av arbeidsplassar i dagens lokale. Undersøkingane viser at ein kan redusere dekningsgraden og framleis vareta tilstrekkeleg kapasitet og gode arbeidsforhold for dei tilsette. For å sørge for effektiv arealbruk og arbeidsplassar tilpassa ulike oppgåver, er det avgjort at alle departementa skal ha aktivitetsbasert arbeidsplasskonsept og at dekningsgraden i nytt regjeringskvartal blir redusert frå 75 til 70 pst. Dette blir lagt til grunn for det vidare arbeidet med nytt regjeringskvartal. Valet av arbeidsplasskonsept vil òg gi rom for meir fleksibel bruk av areala i framtida, til dømes ved endringar i departementsstrukturen.

Tiltaka over er aleine ikkje nok til å innplassere dagens tilsette i byggetrinn 1 og 2. Regjeringa arbeider for å løyse det totale arealbehovet i nytt regjeringskvartal på best mogleg vis. Tiltak som vurderast er mellom anna bruk av eksisterande bygg, i tillegg til G-blokka. I samanheng med innflytting i nytt regjeringskvartal vil regjeringa òg vurdere kva for tenester det er hensiktsmessig å organisere som fellestenester. Dette kan gi redusert arealbehov ved at Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa eller Digitaliseringsorganisasjonen til departementa skal løyse administrative oppgåver som departementa i dag løyser. Regjeringa arbeider vidare med effekten av dei tiltaka som vurderast.

Forprosjektet for byggetrinn 2 bygger på rom- og funksjonsprogrammet og reguléringsplanen for nytt regjeringskvartal, og godkjend skisseprosjekt. Del I av byggetrinn 2 omfattar C-blokk,

kjellarareal, rehabilitering av Møllergata 13, 13b og 15, og delar av parken over Ring 1. Del II av byggetrinn 2 er rehabilitering av G-blokka. Det går føre seg ei utgreiing av ulike alternativ for rehabilitering av G-blokka, og regjeringa vil kome tilbake til Stortinget om dette på eit seinare tidspunkt.

Kvalitetssikringa av byggetrinn 2 del I vart gjennomført sommaren 2024. Ekstern kvalitetssikrar vurderer del I av byggetrinn 2 som moden for oppstart, og anbefaler ei kostnadsramme på 8 mrd. kroner (prisnivå per 1. juli 2024). Det er basert på P85 frå usikkerheitsanalysen, med fråtrekk av moglege kutt på 314 mill. kroner. Ekstern kvalitetssikrar meiner at departementet si overordna organisering er godt tilpassa styringsutfordringane, men meiner at departementet bør vurdere å gjennomføre nokre eksterne gjennomgangar i tillegg til dagens styrings- og kontrollregime som mellom anna inkluderer årlege eksterne kvalitetssikringar av kostnads- og usikkerheitsvurderingar. På bakgrunn av ekstern kvalitetssikrar sin vurdering, foreslår regjeringa no kostnadsramme for prosjektet, slik at gjennomføringa kan starte opp i 2025. Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet vil styre prosjektet stramt og brukar ekstern kompetanse i styringa. I tråd med anbefalingane frå ekstern kvalitetssikrar, vil Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet disponere usikkerheitsavsetninga i prosjektet.

Bygginga av byggetrinn 2 del I er planlagt starta opp i første kvartal 2025, og er forventa å vere ferdig i 2029.

Regjeringa legg anbefalinga frå ekstern kvalitetssikrar til grunn og foreslår ei kostnadsramme på 8 531 mill. kroner (prisnivå per 1. juli 2025) til byggetrinn 2 del I, inkludert avsetning til kunstnarisk utsmykking på 65,5 mill. kroner, jf. forslag til romartalsvedtak II.

Regjeringa foreslår ei kostnadsramme på 627 mill. kroner (prisnivå per 1. juli 2025) til brukarutstyrsprosjektet til nytt regjeringskvartal byggetrinn 2 del I, jf. forslag til romartalsvedtak III.

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under
eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget
om endringar i statsbudsjettet 2024 under Digi-
taliserings- og forvaltningsdepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2024 under Digitaliserings- og
forvaltningsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

**til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2024 under
Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet**

I

I statsbudsjettet 2024 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Føremål	Kroner
1500		Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 251 356 000 til kr 256 383 000	5 027 000
1510		Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 811 853 000 til kr 923 865 000	112 012 000
	22	Fellesutgifter, blir redusert med frå kr 151 491 000 til kr 133 291 000	18 200 000
1511		Prosjekt tilknytte nytt regjeringskvartal:	
	30	Ombygging av Ring 1, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 545 000 000 til kr 605 000 000	60 000 000
1520		Statsforvaltarane:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 2 283 829 000 til kr 2 329 120 000	45 291 000
1530		Byggeprosjekt utanfor husleigeordninga:	
	33	Vidareføring av byggeprosjekt, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 4 235 000 000 til kr 4 125 000 000	110 000 000
	36	Kunstnarisk utsmykking, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 59 081 000 til kr 39 081 000	20 000 000
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 1 211 900 000 til kr 1 011 900 000	200 000 000
1531		Eigedomar til kongelege føremål:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 31 788 000 til kr 32 058 000	270 000

Kap.	Post	Føremål	Kroner
1533		Eigedomar utanfor husleigeordninga:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 27 947 000 til kr 28 038 000	91 000
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 35 000 000 til kr 45 800 000	10 800 000
1540		Digitaliseringsdirektoratet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 159 610 000 til kr 163 399 000	3 789 000
1541		IT- og ekopolitikk:	
	70	Forvalningsutvikling, IT- og ekopolitikk, <i>kan nyttast under post 22</i> , blir redusert med frå kr 36 708 000 til kr 36 473 000	235 000
1542		Internasjonalt samarbeid:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 3 600 000 til kr 3 690 000	90 000
	70	Internasjonale program, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 476 782 000 til kr 443 995 000	32 787 000
1543		Nasjonal kommunikasjonsmyndighet:	
	01	Driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 256 363 000 til kr 260 852 000	4 489 000
	70	Telesikkerheit og -beredskap, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 187 992 000 til kr 237 992 000	50 000 000
1550		Datatilsynet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 82 241 000 til kr 83 884 000	1 643 000
1551		Personvernnevnden:	
	01	Driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 2 778 000 til kr 6 658 000	3 880 000
1560		Tariffavtalte avsetninger:	
	72	Pensjonskostnadar tenestemannsorganisasjonane, blir auka med frå kr 44 500 000 til kr 51 500 000	7 000 000
1565		Bustadlånsordninga i Statens pensjonskasse:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 57 000 000 til kr 68 000 000	11 000 000
	90	Utlån, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 22 200 000 000 til kr 32 300 000 000	10 100 000 000

Kap.	Post	Føremål	Kroner
2445		Statsbygg:	
31		Igangsetjing av ordinære byggeprosjekt, <i>kan overførast</i> , blir redusert med	40 200 000
		frå kr 380 000 000 til kr 339 800 000	
34		Vidareføring av brukarfinansierte byggeprosjekt, <i>kan overførast</i> , blir redusert med	180 000 000
		frå kr 785 000 000 til kr 605 000 000	
39		Renter på byggelån, <i>kan overførast</i> , blir auka med	38 875 000
		frå kr 667 000 000 til kr 705 875 000	
45		Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , blir redusert med	170 000 000
		frå kr 352 985 000 til kr 182 985 000	

Inntekter:

Kap.	Post	Føremål	Kroner
4510		Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa:	
02		Diverse inntekter, blir auka med	35 000 000
		frå kr 44 293 000 til kr 79 293 000	
03		Brukabetaling, blir auka med	45 000 000
		frå kr 73 446 000 til kr 118 446 000	
4565		Bustadlånsordninga i Statens pensjonskasse:	
01		Gebyrinntekter, lån, blir auka med	11 000 000
		frå kr 52 000 000 til kr 63 000 000	
90		Tilbakebetaling av lån, blir auka med	3 200 000 000
		frå kr 10 600 000 000 til kr 13 800 000 000	
5579		Sektoravgifter under Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet:	
70		Sektoravgifter Nasjonal kommunikasjonsmyndighet, blir auka med	4 489 000
		frå kr 274 136 000 til kr 278 625 000	
5607		Renter av bustadlånsordninga i Statens pensjonskasse:	
80		Renter, blir auka med	472 000 000
		frå kr 3 587 000 000 til kr 4 059 000 000	

Fullmakt til å pådra staten forpliktingar ut over gitte løyvingar

II

Nytt regjeringskvarthal byggetrinn 2 del I

Stortinget samtykker i at Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet i 2025 kan starte opp, bestille og forplikte staten ut over budsjettåret for byggeprosjektet nytt regjeringskvarthal byggetrinn 2 del I innanfor ei kostnadsramme på 8 531 mill. kroner. Fullmakta gjeld også forpliktingar som blir inngått i seinare budsjettår. Samla utbetalingar og attståande forpliktingar skal til kvar tid bli heldt innanfor den vedtekne kostnadsramma. Kostnadsramma er i prisnivå per 1. juli 2025. Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet blir gitt fullmakt til å prisjustere kostnadsramma i seinare år.

III

Brukarsutstyrsprosjektet til nytt regjeringskvarthal byggetrinn 2 del I

Stortinget samtykker i at Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet i 2025 kan starte opp, bestille og forplikte staten ut over budsjettåret for brukarsutstyrsprosjektet til nytt regjeringskvarthal byggetrinn 2 del I innanfor ei kostnadsramme på 627 mill. kroner. Fullmakta gjeld også forpliktingar som blir inngått i seinare budsjettår. Samla utbetalingar og attståande forpliktingar skal til kvar tid bli heldt innanfor den vedtekne kostnadsramma. Kostnadsramma er i prisnivå per 1. juli 2025. Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet blir gitt fullmakt til å prisjustere kostnadsramma i seinare år.

Andre fullmakter

IV

Stikkordfullmakt

Stortinget samtykker i at Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet i 2024 kan føye til stikkordet «kan overførast» til løyvinga under kap. 1560 Tariffavtalte avsetningar mv., post 71 Opplæring og utvikling av tillitsvalde.

